



Intensjonsavtale mellom kommunane

Årdal, Lærdal og Aurland

Utvida interkommunalt samarbeid

Bakgrunn

Årdal, Lærdal og Aurland held fram som eigne kommunar. Det er resultatet av kommunane si handsaming av kommunereforma. Ein viktig føresetnad for å halde fram som eigne kommunar er samarbeid der dette er tenleg og nødvendig.

For å styrke rekrutteringa, skape gode og attraktive fagmiljø, meir effektiv drift og evne til å løyse nye oppgåver, vil me auka samarbeidet.

Eit funksjonelt samarbeid mellom kommunane vil stimulere til positiv utvikling i våre kommunar, både som ein attraktiv stad å bu, men og for å utvikle nye og framtidsretta arbeidsplassar.

Eksisterande samarbeid:

Me er samde om å vidareføre og vidareutvikle eksisterande samarbeid innanfor

- Felles landbrukskontor
- IKT
- Lokalmedisinsk senter
- Felles legevakt

Mål for utvida samarbeid

Målet med eit utvida interkommunalt samarbeid skal vere å

- oppretthalde og styrke kvalitet på tenestene.
- stø opp om rekruttering gjennom større fagmiljø og meir kompetansekreivjande oppgåver.
- effektivisering og økonomiske innsparingar.
- Ta på oss nye oppgåver.
- Utvikle nye arbeidsplassar

Det er ein intensjon å skape ein «meirverdi» gjennom større og meir fagleg utfordrande einingar, med eit samla kostnadskutt som resultat.

Det skal vere rom for å utvikle interkommunalt samarbeid både mellom to av kommunane og alle tre samstundes.

Ansvar for ulike tenester og oppgåver skal delast mellom kommunane, der tenestene skal vere brukarnære.

Vidare prosess

Ordførarane presenterar framlegg til intensjonsavtale i felles formannskapsmøte den 26.02.2018 i Årdal.

Kommunane sluttar seg til intensjonsavtalen.

Det vert etablert ei styringsgruppe, med representantar frå dei tillitsvalde, på tvers av kommunane. Deira mynde er å finne fram til dei område som det skal jobbast vidare med.

Styringsgruppa skal ha 12 medlemmar:

Ordførar og 2 folkevalde frå kvar kommune.

Hovedtillitsvalde frå kvar kommune.

Administrative og økonomiske ressursar - kostnadsfordeling

Kvar av kommunane pliktar å stille administrative ressursar til rådvelde for det vidare arbeidet.

Kostnader med arbeidet vert å dele likt mellom kommunane. Dette gjeld både interne kostnader i form av timeverk, og eksterne kostnader i form av fagleg bistand.

Det vert stilt ei økonomisk ramme avgrensa til xxx kroner pr. kommune til rådvelde for arbeidet.

Styringsgruppa - mynde

Styringsgruppa får mynde til å:

- trekke på interne og eksterne ressursar etter behov.
- komme med framlegg om tidsrekkefølga på utvikling av samarbeidet.
- Vurdere politisk organisering innanfor helse / pleie og omsorg.

Styringsgruppa skal greia ut fylgjande:

Helse/ pleie og omsorg:

Felles kommuneoverlege, prinsippet skal vera lege på dagtid i alle tre kommunar.

Oppretting av felles vikarpool innanfor helse og pleie og omsorg, gjerne i samarbeid med fleire.

Helse, pleie og omsorgsplanar skal ut på høyring i dei andre kommunane.

Heildøgns psykiatri.

Kommunepsykolog.

Utfordringa med eldrebølgja må sjåast i samanheng i alle kommunane.

Lærings- og kunnskapsutvikling

Bygge ut kompetansenettverk, møteplassar og forsterke samhandlinga om kompetanseutvikling og innovasjon, for å sikre læring og kunnskapsutveksling på alle nivå. Dette vil vere eit strategisk fundament for å få hit fleire gründarar, fleire vekstkraftige bedrifter og eit stort innovativt miljø.

Ein viktig del av kompetansestrategien vil vere å styrke fagutdanninga gjennom Årdal vidaregåande skule i tett samarbeid med næringslivet.

Barnevern, barnevernsvakt.

Administrasjon, leiing, kompetanse:

Juridisk kompetanse, jurist.

Lønn og økonomi.

Personal, HR.

IKT og digitalisering

Personvernombod

Teknisk drift:

Plan og byggesaksavdeling.

Kart og oppmåling (GIS).

Branntilsyn, feiing.

Innkjøp.

Oppvekst:

PPT.

Pedagogisk rådgjeving.

Næringsutvikling:

Me må samarbeida om bustadutvikling og arbeidsplassutvikling, og sjå dette i samanheng.

Reiseliv:

Samarbeide om utviklinga i reiselivet med Aurland som motor i dette arbeidet.

Vertskapssamarbeid.


Vasskraft:

Felles interesser med potensiale for økt samarbeid innanfor nett og sal.

Ta kraft i bruk i kommunane.

Endeleg godkjenning

Kommunestyra skal ha framlagt avtalar om samarbeid eller felles selskap til endeleg godkjenning.



Arild Ingar Læg Reid

Ordfører Årdal kommune



Jan Geir Solheim

Ordfører Lærdal kommune

Noralv Distad

Ordfører Aurland kommune

Framlegg frå ordførarane:

- Kommunane sluttar seg til Intensjonsavtalen mellom kommunane Årdal, Lærdal og Aurland om utvida interkommunalt samarbeid.
- Kvar kommune vel tre medlemmer til styringsgruppa, i tillegg ein tillitsvald frå kvar kommune.
- Det vert lyst etter og tilsett prosjektleiar.
- Styringsgruppa legg fram samarbeidsavtale til behandling i kommunestyra innan 31.10.2018.
- Styringsgruppa kan og greia ut samarbeide på andre område.
- Kostnadane med dette arbeidet vert å dele likt mellom kommunane.

